



Johan Seim
Fureberget 19
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14085 - 20/59924

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
23.09.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 171/43 Seim

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 171/43
Tiltakshavar: Johan Seim

Alver kommune har den 11.08.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 08.07.2020 vart registrert lekkasje i septiktanken på eigedommen din, med adresse Fureberget 19, 5912 Seim. Ved lekkasje frå tanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 30.11.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra tanken, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarforetak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Johan Seim

Fureberget 19

5912

SEIM